




en, seier krigsveteran Pettersen. Han har mange historier å kome med kring gjenstandane.



**HELT:** – Eg reknar ikkje meg sjølv som nokon helt, seier krigsveteran Pettersen. – Eg gjorde berre jobben min.



**GJER KLART:** – Vi er i rute, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland. Ho har ansvaret for å gjera klar utstillinga til opningsdagen lørdag.

### Fotografering i gamle klede

I høve opninga av utstillinga ved Norsk utvandringssenter på Radøy har Museumssenteret i Hordaland arrangert andre aktivitetar for publikum og. Det blir mellom anna tilbod om å verta fotografert i gamle klede frå 1800-talet. Dette var noko mange familiar gjorde før dei emigrerte til USA på den tida, og dette gjorde at dei fekk høve til å med seg eit bilete av familien på reisa.

## Gjekk 52 prosent over takst

**MELAND:** Det gamle Sveitserhuset på Holme i Meland vart nyleg seld for 420 000 kroner over takst.

**IRENE B. JENSEN**  
irene@nordhordland.no

Ingen av romma i Sveitserhuset frå 1850 oppfylte dagens krav, men det stoppa ikkje folk i å gå på visning. Så mange som 14 melde si interesse for huset, fire gav også bod. Det er Meland kommune

som eig huset. Prisantydninga låg på 800 000, ei kvinne fekk huset for 1,22 millionar.

Regionsdirektør, avdeling nord i Eiendomsmegler Vest, Magne Storheim, hadde ikkje trudd nokon skulle by så høgt.

– Huset låg til sals ei veke. Salet skjedde berre eit døgn etter visninga. Det er ganske sjeldan i dagens marknad, seier han.

Bodrunen starta på 500 000, derfrå gjekk det bratt opp.

– Slik er det når vara er attrak-

tiv. Mange ville kjøpa huset, interessa var stor, seier Storheim. Eigeidomsmeklaren trur einebustaden vart seld såpass fort på grunn av den historiske sjela huset har.

– Huset er gammalt, og har ei historie. Det har ein sjeldan og sjarmerande utforming, fortel Storheim.

Huset er kjend i det lokale miljøet, og ligg i vakre omgjevnader. Fordi det er renovasjonsbehov, meiner Storheim det er spesielt

interesserte som vil kjøpa eit slikt hus.

– Fordi slike hus sjeldan ligg ute for sal, er det slik at dei som ønskjer denne type eigedom må vera vaken. Og det har dei vore, seier han.

– Dei som kjøper eit slikt hus har nok sans for det historiske, og å ta vare på kulturarva, avsluttar han.